



Rutinar ved skadar/ulykker for tilsette i NLT Sunnfjord

VARSLING:

Ved alvorlige ulykker **ring 113** umiddelbart.

OBS !! Om det skulle vise seg at skaden er alvorligere enn først antatt, meld skaden i ettertid. Når det skjer alvorlige ulykker er det politiet som leder arbeidet. Arbeidstilsynet kjem som nr 2.

Kven varslar kva?

Kven skal varslast?

Bonden er leiar på staden og har ansvar for å:

Varsle politi, arbeidstilsyn og dagleg leiar i NLT Sunnfjord.

NLT Sunnfjord tlf: **90 70 68 30**

NLT Sunnfjord er ansvarleg for papirarbeidet

Bekrefter skriftleg til arbeidstilsynet. Finn skadeskjema på arbeidstilsynet.no



Prosedyre for oppfølging av varsel

Skadar - ulykker - dødsfall - yrkessjukdom - sjukefråvær - arbeidsmiljø

1. Varsel i samband med ulykker, dødsfall, yrkessjukdom og sjukefråvær

1.1 Melding om arbeidsulykke til avløysarlaget

Arbeidstakarar (avløysarar) som blir skadd i arbeidet eller pådreg seg sjukdom som dei meiner har sin grunn i arbeidet eller tilhøva på arbeidsstaden skal melde frå til arbeidsgjevaren (bonden og avløysarlaget), jf. Arbeidsmiljølova § 16, punkt 1, 5. ledd.

Ved arbeidsulykke der avløysar er involvert skal den skadde, bonden eller andre kontakte dagleg leiar i avløysarlaget for å melde frå om ulykka. Dagleg leiar tek så kontakt med bonden og/eller verneombodet for å kartleggje forholda omkring ulykka. Dagleg leiar melder, når det er aktuelt, frå om ulykka til Arbeidstilsynet og politiet (sjå punkt 1.2), sender melding til trygdekontoret (sjå punkt 1.3) og registrerer ulykka i avløysarlaget sitt ulykkesregister (sjå punkt 1.4).

1.2 Melding om dødsfall og alvorleg personskade til Arbeidstilsynet og politiet

Vert arbeidstakaren ramma av arbeidsulykke som har ført til døden eller alvorleg skade, skal bonden og avløysarlaget straks, og på raskast måte, varsle Arbeidstilsynet og næraste politimyndigheit direkte. Arbeidsgjevar (avløysarlaget) skal stadfeste varselet skriftleg. Verneombodet skal ha kopi av stadfestinga (jf. Arbeidsmiljølova § 21). Bonden skal og kontakte dagleg leiar i avløysarlaget, som nemnt i punkt 1.1.

Merknad: For å sikre at ulykka blir meldt på raskaste måte, legg prosedyren opp til at både bonden og avløysarlaget skal melde direkte frå til Arbeidstilsynet og næraste politimyndigheit. Det er betre at myndigheitene får melding frå to avsendarar, enn at det ikkje blir sendt nokon melding, eller at meldinga kjem unødig seint.

1.3 Melding om yrkesskade og yrkessjukdom til lokalt trygdekontor

Avløysarlaget skal sende melding til det lokale trygdekontoret om yrkesskade eller yrkessjukdom som råkar avløysar. Meldinga skal sendast på eit særskilt skjema som ein får på trygdekontoret (RTV-blankett 11.01.A). Meldinga skal sendast så snart som råd, og seinast innan 3 dagar.

Til trygdekontoret skal ein melde alle yrkesskadar og yrkessjukdomar som gjer det naudsynt med medisinsk behandling, eller som fører til arbeidsuføre i meir enn 3 dagar. Det er viktig at meldinga blir sendt, elles vil avløysaren ikkje få eventuell erstatning frå yrkesskadetrygda. Hugs at slik erstatning og kan vere aktuelt i samband med seinverknader av skadar som i første omgang kan sjå ut til å ha blitt lega.

1.4 Register over yrkesskadar og yrkessjukdomar i avløysarlaget

Alle personskadar som avløysaren får under utføring av arbeidet skal registrerast i avløysarlaget. Det same gjeld sjukdom som ein meiner har sin grunn i arbeidet eller tilhøva